

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

Sigbjørn Framnes (FRP) sette fram slikt forslag:

(A) «Alternativ - fylkesdirektøren si opprinnelige innstilling

1. Fylkesutvalet vedtar ny takst og sonestruktur for buss og bybane. Ny sonestruktur skal vere tufta på Modell A - sju nye soner - totalt 14 soner for heile Vestland. Takst og reglar knytt til billettar blir endra slik at desse er like for heile fylket.
2. Finansiering av reforma vert del av arbeidet med budsjett for 2022. Under føresetnad av finansiering vert takst og sonestruktur innført første halvår 2022.
3. Ekstra auke i billettprisane for buss og bybane i Bergen og resten av Vestland ut over normal årsjustering skal ikkje nyttast for å finansiere felles takst og sonestruktur for buss og bybane.»

(B) «Tillegg

Fylkesutvalet er bekymra for den svært høge enkeltauknen i takstane for bybussane i Florø og Førde og kva det betyr for passasjergrunnlaget, og ber om at det vert laga til ei overgangsordning med gradvis auke av takstane over 2 år. Prisane skal være harmonisert frå 01.01.2024.»

(C) «Tillegg

Fylkesutvalet ser på denne saka som prinsipiell og at den bør endeleg vedtakast i Fylkestinget.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag (C) vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (FRP, UA).
Framnes sitt forslag (A) fekk 3 røyster (FRP, UA) og fall.
Framnes sitt forslag (B) fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet ser på denne saka som prinsipiell og at den bør endeleg vedtakast i Fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesutvalet vedtar ny takst- og sonestruktur for buss og bybane. Ny sonestruktur skal vere tufta på Modell B, - 3 nye soner, totalt 10 soner for heile Vestland. Takst og reglar knytt til billettar blir endra slik at desse er like for heile fylket.
2. Solund, Hyllestad og Høyanger nord for Sognefjorden blir del av Sunnfjord sone.
3. Finansiering av reforma vert del av arbeidet med budsjett for 2022. Under føresetnad av finansiering vert takst og sonestruktur innført første halvår 2022.
4. Ekstra auke i billettprisane for buss og bybane i Bergen og resten av Vestland ut over normal årsjustering skal ikkje nyttast for å finansiere felles takst og sonestruktur for buss og bybane.
5. Bybussane i Førde og Florø vart innført som ein del av prosjektet «Godt kollektivgrunnlag» der det vart løyvd midlar til lågare bybusstakstar i Førde og Florø, og har ikkje vore prisjustert sidan 2009. Utvalet ber om ei sak for å utvide busstilbodet til bydeler som i dag ikkje har bybuss.

6. Det vert arbeidd vidare mellom Skyss og kommersielle ekspressbuss-aktørar, slik at ein sikrar eit best mogleg samanhengande kollektivtilbod for brukarane, og ein prisstruktur nærast mogleg opp mot soneprisstrukturen.